

## FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

# Sjølvkost vatn og avløp



## HAREID KOMMUNE

**Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS**

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet –

# Forord

---

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS legg med dette fram forvaltningsrevisjonsprosjektet; **Vatn og avløp Hareid kommune.**

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

*” (...)Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).*

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheter for forbedring og vidareutvikling av den kommunale verksemda, samt avdekke eventuelle manglar.

Prosjektet er utført i samsvar til standard for forvaltningsrevisjon -RSK001.

Rapporten er utarbeida av underteikna, med innspel frå kollegaer i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil vidare takke administrasjonen i kommunen for bistand, tilrettelegging og godt samarbeid med prosjektet.

Ulsteinvik 01.08.18

Alf Marius Grønnevik

Forvaltningsrevisor

## Innhald

Samandrag .....	4
1 Innleiing.....	7
1.1 Sjølvkost – vatn og avlaup.....	7
2 Målsetting og problemstilling .....	8
3 Revisjonskriterium .....	8
3.1 Sjølvkost.....	8
4 Metode og gjennomføring .....	9
4.1 Dokument .....	9
4.2 Verifisering av data .....	9
4.3 Avgrensing .....	9
5 Deskriptiv analyse .....	10
5.1 Gebyrgrunnlaget for vatn og avløp .....	10
5.2 Årsgebyr vatn .....	10
5.3 Tilknytingsgebyr vatn .....	11
5.4 Årsgebyr avløp.....	12
5.5 Tilknytingsgebyr avløp.....	13
6 Problemstilling 1:.....	14
6.1 Direkte kostnader.....	14
6.1.1 Revisjonskriterium .....	14
6.1.2 Fakta.....	14
6.1.3 Vurdering.....	16
6.2 Indirekte kostnader:.....	16
6.2.1 Revisjonskriterium.....	16
6.2.2 Fakta.....	17
6.2.3 Vurdering .....	21
6.3 Kapitalkostnader .....	21
6.3.1 Revisjonskriterium .....	21
6.3.2 Fakta – Kapitalkostnader .....	23
6.3.3 Vurdering – kapitalkostnader .....	24
6.4 Avskrivningstid .....	24
6.4.1 Fakta –avskrivningstid .....	24
6.4.2 Vurdering- avskrivningstid.....	24
6.5 Sjølvkostfond.....	25
6.5.1 Revisjonskriterium .....	25
6.5.2 Fakta: Fond tilhøyrande VA-området .....	25
6.5.3 Vurdering .....	29
7 Anbefalingar: .....	30
8 Rådmannen sin kommentar: .....	31
Vedlegg 1: .....	32
Vedlegg 2: .....	33
Vedlegg 3: .....	34

## Samandrag

Kontrollutvalet i Hareid kommune gjorde i sak 06/17 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsprosjekt knytt til sjølvkost innan vatn og avløp. Målsettinga for prosjektet var å vurdere om Hareid kommune følgjer lov, forskrift og retningslinjer for sjølvkost innanfor vatn og avløp. Konkrete mål var å vurdere om kommunen sine utrekningar og føringar av kostnader knytt til vatn og avløp er i samsvar med gjeldande regelverk for sjølvkost, og kontrollere om overskot-/underskot innanfor tenesteområda er i tråd med gjeldande retningslinjer, medrekna «balansering» av årsrekneskapen innan sjølvkostområda ved avsetning / bruk av sjølvkostfond.

### Direkte kostnader:

Kostnadane som kommunen har direkte belasta sjølvkost for vatn og avløp var knytt til den respektive funksjonen/tenesteområdet heilt eller ved forholdsmessig fordeling.

I høve fordelte lønskostnader har kommunen utarbeida fordelingsnøklar (prosentvis fordeling) for kvar enkelt tilsett, men det gjekk ikkje fram dokumentasjon/grunngjeving som underbygger fordelingsnøklane.

Gjennomgang av rekneskapsførte lønsutgifter viste avvik mellom fordelingsnøkkel (timefordeling) angitt i Momentum (sjølvkostverktøy) og det som gjekk fram av rekneskapen for enkelte tilsette. Dette fører til feil ved estimering av enkelte indirekte kostnader då dei vert utarbeida på bakgrunn av bl.a. ovannemnde fordelingsnøkkel.

### Indirekte kostnader:

Det er gått gjennom kommunen sine interne kostnadsfordelingar. Kommunen har utarbeida fordelingsnøklar for dei tilleggs- og støttefunksjonar som er vurdert som aktuelle. Desse var i stor grad basert på fordelingsnøklar som rettleiaren gir rom for å nytte, men kommunen manglar dokumentasjon som underbygger fordelingsnøklane spesielt knytt til vedlikehald. Vedlikehaldet utgjorde over halvparten av indirekte fordelte utgiftene. Det er derfor uråd å vurdere om kostnadane er reelle og kan knytast opp i mot vatn og avløp.

Det kan sjå ut som utgifter knytt til IKT og servicetorg ikkje er vurderte mht. kostnader som kan knytast opp i mot sjølvkostområda.

Ved samanlikning mellom kommunane er det vanskeleg å kunne vurdere kostnadane opp mot kvarandre på ein god måte, då kommunen kan ha ulik organisering av interntenestene og ulike fordelingsnøklar. Totalt hadde Hareid fordelte utgifter på ca 1,5 mill der husleige/vedlikehald utgjorde ca 0,8 mill for vatn og avløp samla. Dette var høgast av Volda, Ulstein og Ørsta (sjå samanlikning side 25).

**Kapitalkostnader:**Kalkulatorisk rente:

Kommunen har berekna avskrivning og kalkulatorisk rente på anlegg/driftsmiddel tilknytt vatn og avløp. Kommunen har berekna desse manuelt på bakgrunn av kommunen sitt anleggsregister i 2017.

Avskrivingskostnaden og kalkulatorisk rente i rekneskapen(kommunen sine manuelle berekningar) viste avvik frå anleggsregisteret i Momentum, men i etterkalkylen til Momentum var det samsvar(vedl.1 ) Dette kan tyde på at Momentum har lagt inn i si etterkalkyle kommunane sine berekningar mht avskrivingskostnad og kalk.rente. Anleggsregisteret i Momentum må avstemmast mot kommunerekneskapen slik at avskrivingskostnaden og kalk.renter som Momentum bereknar vert i samsvar med kommunerekneskapen.

Avskrivingsgrunnlag:

Kommunen ser ut til å ha teke utgangspunkt i anskaffelsekost ved berekning av avskrivingsgrunnlaget og trekt frå eventuelle investeringstilskot/anleggsbidrag. Kommunen ser derfor ut til å ha følgt retningslinjene for sjølvkost når det gjeld berekning av avskrivingsgrunnlaget.

Avskrivningstid:

Gjennomgangen av anleggsoversikta og avskrivningstida viste at kommunen på dei fleste anlegga har nytta 40 års avskrivningstid. Dette gjaldt alle leidningsnett (både vatn og avløp), reduksjonsventilar, pumpestasjonar og reinseanlegg.

For tekniske anlegg (reinseanlegg og pumpestasjonar) går det fram av rettleiar at desse skal vurderast til 20 år. Administrasjonen har gitt tilbakemelding om at ein for 2018 vil vurdere denne type anlegg til å ha ei levetid på 20 år.

**Sjølvkostfond:**

Det går fram av rettleiar at sjølvkostfondet skal gå i balanse i løpet av ei 3-5 års periode. I perioden 2009-2013 hadde kommunen opparbeida seg eit stort vassfond (8,2 mill kr). I perioden 2014-2017 brukte kommunen av fondet og pr 31.12.2017 var fondet på 2,5 mill kr. Kommunen har derfor dei siste åra redusert fondet i vesentleg grad.

For avløpsfondet såg ein bruk og avsetning på fondet gjennom heile perioden (2009-2017 )

Ut i frå rekneskapen på dei ulike funksjonane kan ein ikkje sjå at kommunen har renteberekna VA-fonda i kontrollperioden 2009 til 2017 for vassfondet og for 2009-2015 på avløpsfondet. Det var rentebereking av avløpsfondet i 2016 og 2017, , men ein kan ikkje sjå at dette har hatt rekneskapsmessig påverknad på fonda. Kommunen bør derfor ta ein gjennomgang av sjølvkostfonda med omsyn til rentebereking.

## Anbefalingar

- Kommunen bør dokumentere vurderingane som ligg til grunn for fordelingsnøkklane til tilsette med fordelt løn mot sjølvkostområda.
- Kommunen bør gå gjennom anleggsregisteret i Momentum slik at dette samsvarar med kommunen sin rekneskap og anleggsregister.
- Kommunen bør synleggjere/utarbeide fordelingsnøkkel til alle indirekte kostnadane og spesielt knytt til vedlikehald som blir belasta sjølvkost.
- Kommunen bør vurdere om alle kostnader som kan definerast som indirekte kostnader er belasta sjølvkostområda.
- Kommunen bør renteberekne sjølvkostfonda i samsvar med rettleiar.

## 1 Innleiing

Kontrollutvalet i Hareid kommune gjorde i sak 06/17 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsprosjekt knytt til sjølvkost innan vatn og avløp. Målsettinga for prosjektet var å vurdere om Hareid kommune følgjer lov, forskrift og retningslinjer for sjølvkost innanfor vatn og avløp. Konkrete mål for prosjektet var å vurdere om kommunen sine utrekningar av kostnader var i samsvar med gjeldande regelverk for sjølvkost, og kontrollere om overskot-/underskot innanfor tenesteområda var i tråd med gjeldande retningslinjer, medrekna avsetning / bruk av sjølvkostfond.

### 1.1 Sjølvkost – vatn og avlaup

Fleire kommunale tenester har sjølvkost som øvre grense for lovlege gebyrinntekter, og sjølvkostberekninga er derfor av stor interesse. Nedanfor går det fram kort skissert noko av lovverket som gjeld for fastsetting av gebyr for vatn og avlaup.

Det er lov om kommunale vass – og kloakkavgifter som regulerer avgiftsnivået for vatn og avlaup. I forskrift om begrensing av forurensing kapittel 16 vert ramma for gebyra beskrivne:

*«Vann- og avløpsgebyrer skal ikke overstige kommunens nødvendige kostnader for henholdsvis vann- og avløpssektoren. Ved beregning av selvkost bør det til enhver tid gjeldende retningslinjer for beregning av selvkost legges til grunn.»*

Kommunen fastsett i forskrift reglar for berekning og innkrevjing av vatn- og avløpsgebyr, samt størrelsen på gebyra. Før kommunen fattar vedtak om størrelsen på gebyra, skal det ligge føre eit overslag av kommunen sine direkte og indirekte kostnader knytt til drifts-, vedlikehalds- og kapitalkostnader på hhv. vatn- og avlaupssektoren for dei nærmaste tre til fem åra. Overslaget skal om mogeleg utarbeidast i samband med kommunen sin rullerande økonomiplan. Det skal også ligge føre eit overslag over kva gebyra vil innbringe.

Dei områda der sjølvkost skal nyttast som grunnlag for gebyr/brukarbetaling, må kommunen foreta ein etterkalkulasjon av dei reelle kostnadene innanfor dei aktuelle tenesteområda.

Dette må gjerast for å ha kontroll med at gebyrinntektene ikkje overstig sjølvkost.

Sjølvkostrekneskapet kan framstillast på følgjande måte:

Inntekter	Kostnader
Gebyrinntekter	Direkte kostnader
	Indirekte kostnader (tilleggsytelse/støttefunksjon)
Eventuelle refusjonar/andre inntekter	Kapitalkostnader (Kalkulatoriske renter og avskrivningar)
Underskudd	
Overskudd	

Kommunen kan framføre eit overskot frå sjølvkosttenesta til eit seinare år (innanfor ei 3-5 års periode). I praksis vil dette skje gjennom eit bunde driftsfond. Sjølvkostfondet sin funksjon er å handtere svingingar i inntekter og kostnader slik at gebyra kan holdast stabile.

## 2 Målsetting og problemstilling

Målsettinga for prosjektet er å vurdere om Hareid kommune følgjer lov, forskrift og retningslinjer for sjølvkost innan vatn og avlaup. Konkrete mål for prosjektet er å vurdere om kommunen sine utrekningar av kostnader er i samsvar med gjeldande regelverk for sjølvkost, og kontrollere om overskot-/underskot innanfor tenesteområda er i tråd med gjeldande retningslinjer, medrekna «balansering» av årsrekneskapen innan sjølvkostområda ved avsetning / bruk av sjølvkostfond.

Med utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet er det utarbeida følgjande:

### Problemstilling 1:

#### **Vert vatn og avlaup i Hareid kommune behandla i samsvar med sjølvkostprinsippet?**

I problemstillinga vert det belyst sentrale element i sjølvkostkalkyla bl.a. sett nærmare på:

- 1 Direkte kostnader
- 2 Indirekte kostnader
- 3 Kapitalkostnader
- 4 Sjølvkostfond

I tillegg vil ein utarbeide ei deskriptiv analyse med samanlikning av gebyr mellom nabokommunar (basert på rekneskapsdokument og KOSTRA).

Problemstillingane vert belyst ved hjelp av eit eller fleire revisjonskriterium som går fram i kapittel 3.

## 3 Revisjonskriterium

### 3.1 Sjølvkost

Revisjonskriterium er dei lover, krav, normer og/eller retningslinjer som det undersøkte området skal vurderast mot. I forhold til eit sjølvkostprosjekt på vatn og avløp har vi teke med og utleda revisjonskriterium frå følgjande kjelder:

- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg
- Forureiningslova
- Forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta)
- H-3/14 Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester

Det er utleda revisjonskriterium under kvart enkelt kapittel i høve direkte kostnader, indirekte kostnader, kapitalkostnader og sjølvkostfond.



## 4 Metode og gjennomføring

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som er nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane, og baserer arbeidet på dokumentanalyse, analyse av rekneskapsinformasjon og informasjon frå administrasjonen. I den skriftelege dokumentasjonen inngår oppsett og berekningar i excel og tabellar i word. Vi har også motteke skrifteleg tilbakemelding frå administrasjonen kring kommunen si organisering og ansvarsfordeling innanfor sjølvkostområda.

Den deskriptive analysen over kommunen sin ressursbruk innanfor vatn og avløpsområdet, er gjennomført med utgangspunkt i kommunen si eiga rapportering til KOSTRA, og samanlikna med nabokommunane og kommunar i same KOSTRA-gruppe.

### 4.1 Dokument

Dei viktigaste dokumenta vi har undersøkt er:

- Årsmeldingar
- Spørjingar teke ut av rekneskapsystemet
- Interne dokument (fordelingsnøklar, avskrivings skjema osv.)
- Momentum sjølvkost

EnviDan Momentum AS er programleverandør av Momentum sjølvkost og kommunen nyttar selskapet som konsulent og rådgivar

### 4.2 Verifisering av data

Rapporten er etter standard for forvaltningsrevisjon sendt rådmannen for uttale den 20.09.18 Uttalen gjeld forhold som er omtala jfr. RSK 001 i rapporten.

### 4.3 Avgrensing

Kontrollen er avgrensa til i hovudsak å gjelde rekneskapsåret 2017, men har ved enkelte høve brukt data lenger bak i tid for å belyse fakta og utvikling.

## 5 Deskriptiv analyse

### 5.1 Gebyrgrunlaget for vatn og avløp

Gebyrinntektene skil mellom tilknytingsgebyr og årsgebyr for hhv. vatn og avløp. Årsgebyret vert fakturert etter målt vassforbruk for dei abonnentane som har vassmålar, og etter areal/stipulert forbruk for dei andre abonnentane. Det vert hovudsaklege fakturert etter areal/stipulert forbruk.

Etter lov om kommunale vass- og kloakkavgifter skal det betalast eit eingongsgebyr for tilknytning til kommunale vatn- og/eller avløpsnett.

Gebyret skal betalast ved:


- ved nybygg eller ved tilbygg eller påbygg
- når bebyggd eigedom blir knytt til kommunal vatn- og/eller avløpsleidning
- bebyggelse av midlertidig art som oversitter tidsfrist på 3 år.

Tilknytingsgebyr skal berre betalast for dei bygg som er/skal bli fysisk tilkoplede til kommunale vatn- og/eller avløpsnett. Gebyrplikt gjelder der det blir oppført bygg eller anlegg med tilknytning til kommunale vann- og/eller avløpsleidningar uavhengig om området er regulert.

### 5.2 Årsgebyr vatn

Tabell og figur nedanfor er basert på tal frå KOSTRA og viser størrelsen på ein standardbustad på 120 m<sup>2</sup> bruksareal. Meirverdiavgifta er ikkje teke med i KOSTRA-rapporteringa. Hareid kommune har i perioden 2011 – 2013 hatt ein reduksjon i vassgebyret. Ein såg ein marginal auke 2014 og marginal reduksjon i 2015, men med auke både i 2016 og 2017. Av kommunane på Søre hadde Hareid og Sande dei høgaste årsgebyra for vatn i perioden, og Ørsta lågast gebyr pr. standard bustad 120 m<sup>2</sup> i perioden 2011-2017.


Forbruksgebyr vatn	År 2011	År 2012	År 2013	År 2014	År 2015	År 2016	År 2017
Vanylven	2910	2910	2910	2910	2910	2910	2919
Ulstein	1871	2262	2331	2630	2751	2839	2839
Ørsta	1977	2077	2181	2246	2340	2363	2363
Volda	1780	1892	1918	2187	2362	2478	2479
Sande	3870	3870	4268	5134	5897	4904	5004
<b>Hareid</b>	<b>4352</b>	<b>3957</b>	<b>3444</b>	<b>3498</b>	<b>3489</b>	<b>3921</b>	<b>4290</b>



### 5.3 Tilknytingsgebyr vatn

Nedanfor er ei oversikt basert på tal i frå KOSTRA og viser tilknytingsgebyret knytt til ein standardbustad på 120 m<sup>2</sup> bruksareal. Meirverdiavgifta er ikkje teke med i KOSTRA-rapporteringa.

Tilknytingsgebyr vatn	År 2011	År 2012	År 2013	År 2014	År 2015	År 2016	År 2017
Vanylven	7500	7500	7500	7500	7500	9000	5000
Ulstein	7000	7000	10000	10000	10000	10000	10000
Ørsta	15375	15600	15850	15850	16325	17235	17235
Volda	6000	6000	6000	6000	6000	6000	6000
Sande	10000	10000	10000	10000	12500	13000	13260
<b>Hareid</b>	<b>5000</b>	<b>5000</b>	<b>5000</b>	<b>5000</b>	<b>5000</b>	<b>5000</b>	<b>5000</b>




Ein ser ut i frå oversiktene ovanfor at tilknytingsgebyret i høve vatn har halde seg relativt stabilt dei siste åra for dei fleste kommunane, og i Hareid har det vore stabilt heile perioden. Kommunen har hatt dei lågaste tilknytingsgebyret samanlikna med nabokommunane., og Ørsta kommune har hatt dei høgste.

## 5.4 Årsgebyr avløp

Tabell og figur nedanfor er basert på tal i frå KOSTRA og viser størrelsen på ein standardbustad på 120 m<sup>2</sup> bruksareal. Meirverdiavgifta er ikkje teke med i KOSTRA-rapporteringa. Herøy har hatt dei høgaste avløpsgebyra av kommunane på Søre Sunnmøre i perioden og Volda har hatt det lågaste gebyra dei siste åra. Hareid har hatt årsgebyr i midtskiktet på nivå med dei andre med kommunane på Søre Sunnmøre.


Årsgebyr avløp	År 2011	År 2012	År 2013	År 2014	År 2015	År 2016	År 2017
Vanylven	2928	2928	2489	2489	2489	2489	2489
Ulstein	1210	1573	1652	2074	2234	2299	2368
Volda	1261	1249	1279	659	676	1384	1418
Ørsta	1938	2131	2179	2310	2311	2310	2310
Sande	2217	2217	2562	2664	3147	2518	2711
<b>Hareid</b>	<b>1719</b>	<b>1719</b>	<b>1779</b>	<b>2010</b>	<b>2078</b>	<b>2209</b>	<b>2299</b>
Herøy	3440	3612	3793	3983	4062	4184	4310



## 5.5 Tilknytingsgebyr avløp

Nedanfor er ei oversikt basert på tal i frå KOSTRA og viser tilknytingsgebyret for avløp knytt til ein standardbustad på 120 m<sup>2</sup> bruksareal. Meirverdiavgifta er ikkje teke med i KOSTRA-rapporteringa. Tilknytingsgebyret har vore stabilt i perioden 2011-2017 på 5000 kr. Dette er lågast av alle nabokommunane.

Tilknytingsgebyr avløp	År 2011	År 2012	År 2013	År 2014	År 2015	År 2016	År 2017
Vanylven	7500	7500	7500	7500	9000	9000	9000
Ulstein	12000	15000	15000	15000	15000	15000	15000
Ørsta	20800	21130	21130	21765	22418	22978	22978
Volda	12000	12000	12000	12000	12000	12000	12000
Sande	10000	10000	10000	12500	12500	13000	13390
<b>Hareid</b>	<b>5000</b>	<b>5000</b>	<b>5000</b>	<b>5000</b>	<b>5000</b>	<b>5000</b>	<b>5000</b>
Herøy	15000	15000	15000	15000	15000	15000	15000



Hareid kommune har hatt relativt låge års- og tilknytingsgebyr innan avløp. Ser ein tilknytingsgebyret i samanheng med årsgebyret viser det at mange av kommunane som hadde låge årsgebyr, hadde høge tilknytingsgebyr. Høge tilknytingsgebyr kan føre til større svingingar i inntektene til kommunen kvart år, avhengig av kor mange som knyt seg på det kommunale nettet.

## 6 Problemstilling 1:

### Vert vatn og avlaup i Hareid kommune behandla i samsvar med sjølvkostprinsippet?

#### 6.1 Direkte kostnader

##### 6.1.1 Revisjonskriterium

**Kjerneproduktet:** Dette beskriv sjølve basisen i tenesta og den grunnleggande tenesta som brukaren betalar for. Innhaldet i kjerneproduktet er den arbeidsinnsats og bruk av varer og kapital som kommunen nyttar for å tene brukarane.

Direkte kostnadar er dei kostnadar som direkte eller umiddelbart kan knytast opp i mot den aktuelle tenesta. Dette gjeld både faste og variable direkte kostnadar. Direkte kostnadar kan også kallast kostnadar til kjerneproduktet, dvs. alle kostnadar som er direkte knytt opp i mot den tenesta brukaren opplever at han/ho mottok frå kommunen, og som brukaren skal betale for. Alle slike direkte kostnader skal henførast til den aktuelle tenesta. Alle direkte kostnadar forbunde med å yte tenesta skal inngå i kalkylen. Eksempel på dette vil vere: Lønn til tilsette, kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen og eventuelle overføringar.

Når det gjeld direkte lønskostnadar er dette lønskostnadar som avgrensar seg til kjerneproduktet, og utgangspunktet er at stillinga skal vere klart avgrensa til tenesta.

Direkte henførbare lønnskostnader mv. til kjerneproduktet være:

- Lønnskostnader til stillingar som er 100 % henførbare til kjerneproduktet
- Andel av lønnskostnader til stillingar som er knytt til fleire tenester, når andelen er henførbar til kjerneproduktet
- Andel av lønnskostnader til stillingar som er knytt til administrativ leiing, når andelen er henførbar til kjerneproduktet

##### 6.1.2 Fakta

#### Er kostnader ført på vatn og avløp direkte henførbare til tenesta?

Dei direkte kostnadene knytt til vatn og avløp i Hareid kommune er ført på funksjonane (340-345) for vatn og (350-353) for avlaup i kommunerekneskapen. Ein har gått igjennom dei ulike kostnadskontoane (konto 10\*\*\*-15\*\*\*) på dei ulike funksjonane. Ein har for 2017 kontrollert eit utval fakturaer, der ein har sett på om desse direkte kan knytast opp i mot vatn- og avløpstenesta.

Alle dei kontrollerte fakturaane var direkte knytt opp i mot funksjonane vatn og avlaup, enten i si heilheit eller at delar av fakturaane var registrert og kunne knytast direkte mot

funksjonen. Typisk eksempel på faktura der ein såg ei kostnadsfordeling mellom ulike funksjonar var gravearbeid knytt til vedlikehald der kostnadane var fordelte mellom, vatn og avlaup. Det er ikkje kontrollert fordelingsnøklane, då desse ikkje gjekk fram av dokumentasjonen.

Nedanfor går fram ei oversikt over dei direkte kostnadane til kommunen på vatn og avlaup i perioden 2015-2017 fordelt på dei ulike kostnadsartane:

	2015		2016		2017	
	Vatn	Avløp	Vatn	Avløp	Vatn	Avløp
<b>Driftsutgifter</b>						
Konto 10*** Løn (Fastløn, fast løn vedlikehald o.l.)	2 668 673	1 611 611	2 840 569	1 737 096	3 029 967	1 983 673
Konto 11*** Varer og tenester i kommunal eigenproduksjon (Forbruksmateriell, straum o.l.)	828 299	302 334	865 188	275 106	1 056 789	323 099
Konto 12*** Varer og tenester i kommunal eigenproduksjon (Vedlikehald byggetenester, material til vedlikehald, konsulenttenester o.l.)	1 804 792	1 704 668	703 759	2 158 451	1 690 507	1 608 259
Konto 13*** Kjøp av tenester som erstatte komm. tenester (kjøp frå andre)	33 311	35 103	23 022	40 015	13 239	80 652
Konto 14*** Overføringsutgifter	1 563	579	1	22 194	14 234	1 962
Konto 15*** Avskrivningar og morarente (Avskrivningar, kalkulatoriske renter og avdrag)	2 349 243	1 453 711	1 821 768	966 722	1 791 619	1 066 963
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>7 685 880</b>	<b>5 108 006</b>	<b>6 254 306</b>	<b>5 199 584</b>	<b>7 596 355</b>	<b>5 064 608</b>

Ein registrerte ei jamn auke i høve lønsutgifter (konto 10\*\*\*) for dei tre åra på både vatn og avløp. I 2016 såg ein en reduksjon kostnadar på vatn og auke i kostnadar på avløp knytt til kontogruppe 12\*\*\*, utan at det er undersøkt nærmare årsaka.

#### Direkte lønskostnadar:

Dei direkte lønskostnadane gjeld fastløn, variabel løn og sosiale utgifter. I tillegg er det direkteført lønskostnadar knytt til vaktgodtgjersle på dei to funksjonane og lønn knytt til reinhaldstenesta på funksjon for vatn. Oversikta

	Vatn	Avløp
Fast løn	2 108 001	1 323 536
Vaktgodtgjersle	119 077	178 043
Lønn reinhald	7 854	0
Variabel løn	86 948	24 019
Sosiale utg.	708 089	458 075
<b>Sum</b>	<b>3 029 967</b>	<b>1 983 673</b>

viser korleis utgiftene fordelte seg mellom dei forskjellige artane. Både einingsleiar for kommunalteknikk/VAR og leiar uteseksjonen har ført delar av løna si direkte mot funksjonane.

#### Utvikling direkte lønskostnadar:

Utvikling: lønsutgifter Hareid kommune 10***						
	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vatn	1 115 881	1 738 061	3 250 015	2 668 673	2 840 569	2 994 171
Avløp	1 218 431	2 303 901	1 418 505	1 611 611	1 737 096	1 971 206
<b>SUM</b>	<b>2 334 312</b>	<b>4 041 961</b>	<b>4 668 520</b>	<b>4 280 284</b>	<b>4 577 664</b>	<b>4 965 377</b>

Utviklinga viser at dei totale lønsutgiftene har auka frå totalt ca 2,3 millionar til ca 5 millionar dei siste 5 åra. For dei tre siste åra(2015-2017) såg ein ei jamn auke i lønsutgifter for både vatn og avløp.

Teknisk eining har mange forskjellige arbeidsoppgåver og det kan ofte vere vanskeleg å gjere ei vurdering i forhold til kor mykje av arbeidstida som kan knytast direkte opp mot ein funksjon. Hareid kommunen har utarbeida fordelingsnøklar (prosentvis fordeling) på dei ulike sjølvkostområda for kvar enkelt tilsett. Momentum AS har gitt tilbakemelding om at fordelinga blir gjennomgått og oppdatert årleg, men ingen stillingsbeskriving/ dokumentasjon som underbyggjer dette for ulike fordelingsnøkler som har vore nytta.

Momentum sine fordelingsnøklar la til grunn for 2017 totalt 4,7 årsverk knytt til vatn og 2,6 årsverk på avløp . Gjennomgangen viste derimot forskjell mellom nytta fordelingsnøkkel og reelle lønskostnader på enkelte tilsette i 2017.

### 6.1.3 Vurdering

Kontroll av eit utval fakturaer viste at desse var direkte knytt opp i mot funksjonane vatn og avløp, enten i si heilheit eller ved fordeling, men fordelingsnøkkel gjekk ikkje fram.

Det går fram av sjølvkostrettleiar at andel av lønnskostnader til stillingar som er knytt til administrativ leing, når andelen er henførbar til kjerneproduktet skal først direkte. I Hareid hadde ein direkteført lønskostnader knytt til einingsleiar for kommunalteknikk/VAR og leiar for uteseksjonen. Dette er i samsvar med rettleiar, men det er ikkje mogeleg og vurdere andelen som har vore fordelt ut då det ikkje ligg føre nokon dokumentasjon/vurdering som underbygg fordeling.

Variasjonar og ulike arbeidsoppgåver dei ulike åra vil kunne påverke arbeidsfordelinga til kvar enkelt tilsett, kommunen bør derfor vurdere fordelingsnøkler nytta for tilsette i Momentum(sjølvkostsystemet) slik at ein får rimleg samsvar mellom fordelingsnøkler i kalkylen og faktiske lønsutgifter. Dette fordi fordelingsnøkler bl.a. blir brukt ved berekning av fordelte indirekte kostnader.

## 6.2 Indirekte kostnader:

### 6.2.1 Revisjonskriterium

*«Indirekte kostnader er henførbare når interntjenesten bidrar til å skape en helhetlig tjeneste for brukerne. Indirekte kostnader er deler av kostnader som i KOSTRA er henført til administrasjonsfunksjonen eller funksjonen for kontroll og og revisjon. Fordelingsmetode for indirekte kostnader i selvkostkalkylen bør primært være en som best gir uttrykk for bruken av*



*interntjenesten. Alternativt brukes selvkosttjenestens andel av kommunens brutto driftsutgifter som fordelingsnøkkel.»*

### Administrasjon

Kostnader knytt til administrativ leiding og utarbeiding av avgjerdsgrunnlag for politisk leiding skal ikkje vere med i kalkylen. Tenester som administrative leiarar yter til sjølvkostområdet skal fordelast og leggst inn i sjølvkostkalkylen. Dette gjeld leiarar som leiar andre leiarar og som naturleg vil vere ført mot funksjon 120.

### Internteneste med fordelingsnøkkel

Det går fram av sjølvkostrettleiaren ei oversikt over dei indirekte tenestene som ein anbefaler skal inngå i sjølvkostkalkyla. Oversikta går fram nedanfor. Fordelingsmetoden for dei indirekte kostnadane skal i størst mogeleg grad reflektere sjølvkosttenesta sin bruk av interntenesta. Derfor er det viktig å bruke relevante fordelingsnøklar for berekning av tenestene. I dei tilfelle kontoplanen ikkje er detaljert nok eller om ønska fordelingsnøkkel ikkje let seg framskaffe, kan kommunen bruke andel av brutto driftsutgifter.

#### *Sjølvkostrettleiaren sine anbefalingar:*

Nr	Internteneste	Beskriving	Eks. fordelingsnøkkel
1	Rekneskap	Inngående faktura, leverandørreskontro internt og eksternt rekneskap mv.	Andel bilag, brutto driftsutgifter
2	Innfordring	Utgående faktura, kunderskontro	Utgående faktura
3	Lønn	Lønnsutbetalingar, pensjon	Andel tilsette
4	Revisjon	Revisjon	Brutto driftsutgifter, andel bilag
5	Personalteneste	HR-funksjon	Andel tilsette
6	HMS	Bedriftshelseteneste, arbeidsmiljøutvalg osv.	Andel tilsette eller årsverk
7	Sentral opplæring	Eksterne kurs og konferansar	Faktisk bruk
8	Kantinedrift	Kantine	Andel tilsette som har tilgang til kantine
9	Kopiering og trykkeriteneste	Drift av kopiering og trykkeriteneste	Faktisk bruk
10	IKT- teneste	Anskaffelse, drift og vedlikehold samt brukarstøtte til fellessystema	Andel tidsbruk (sekundært andel pc-ar eller årsverk)
11	Felles post, arkiv- og sentralbord	Drift av felles post-, arkiv- og sentralbordfunksjon	Faktisk bruk, antal dokument eller årsverk
12	Juridisk bistand	Kommunen si eining for juridiske teneste	Faktisk bruk

## 6.2.2 Fakta

### 6.2.2.1 Indirekte kostnader:

Kommunen har utarbeida fordelingsnøklar og lagt inn i Momentum, og dette gir grunnlag for fordeling av stabs- og støttekostnader, definert som indirekte kostnadane.

Oversikta nedanfor viser fordelinga og utviklinga av dei indirekte kostnadane som er fordelte utgifter til sjølvkostområdet .

Fordelingsnøkkel	Ansvar	Funksjon	Funksjon	Kommunen sine spesifikke fordelingsnøklar	Vatn	Avløp
Brutto driftsutgifter	1150	Revisjon	110	Brutto driftsutgifter	5323	3599
Økonomi VAF	1520	Økonomiavdeling	120	0,5 av 5 årsverk belastast VAF for økonomijobben som blir gjort på økonomi. Eksklusiv fakturakostnad	96283	96283
Bilag	1520	Økonomiavdeling	120	Kostnader i samband med VAF fakturering. Trekker ut fordelte lønskostnader frå fordelingsgrunnlag.	168949	154624
Ansatte	1530	Personalavdeling	120	Lønnskjøring og personaloppgåver	14510	10104
Årsverk adm.bygg	1570	Fellesutgifter	120	Kontigentar, lisensar, porto og telefoni	52142	58660
BRA, utelager, rådhus, grøntareal	7010	Vedlikehald	120	Vedlikehald av bygningsmasse og lager	4874	4874
BRA, utelager, rådhus, grøntareal	7010	Vedlikehald	121	Vedlikehald av bygningsmasse og lager	-118	-118
BRA, utelager, rådhus, grøntareal	7010	Vedlikehald	130	Vedlikehald av bygningsmasse og lager	421517	421517
<b>SUM fordelte utgifter</b>					<b>763 480</b>	<b>749 543</b>

I 2017 blei det totalt fordelt ut 1 513 023kr, herav vatn 763 480 kr og avløp 749 543 kr. Det var spesielt store utgifter knytt til vedlikehald som kommunen hadde belasta, totalt 852 546 kr på dei to funksjonane med vatn 426 273 kr og avløp 426 273 kr. Desse kostnadane var henta frå Ansvar 7010 «Vedlikehald» og funksjon 130 administrasjonslokale.

Ein har fått tilbakemelding om at økonomiavdelinga er ført to gonger for å få ei mest mogeleg nøyaktig fordeling. Økonomi VAF består av 0,5 av 5 årsverk som kommunen vurderer at kun gjeld vatn, avløp og feiing.

Den største utgifta var knytt til vedlikehald. I følgje administrasjonen var dette kalkulerte kostnader som til dømes husleige for sjølvkostfunksjonane, vask av bygningar på sjølvkostområdet, straum etc, men der husleige var den største utgifta. Dette gjaldt bygga: Utelageret, Grøntlageret, Nettet vassbehandlingsanlegg, Trykkaukingsstasjonane, Pumpestasjonane og andel Rådhuset.

Det vart etterspurt fordelingsnøklar/dokumentasjon på desse kostnadane , og fekk tilbakemelding på at kostnadane var stipulerte.

Det blei gjennomført ein stikkprøvekontroll på ansvar 7010 og funksjonen 130. Dei fleste kostandane var knytt til rådhuset, lønsutgifter knytt til vaktmester/vedlikehaldsarbeiderar og i tillegg utgifter knytt til leasing av bilar. Dei totale utgiftene på ansvar 7010 og funksjon 130 utgjorde 3 392 455 kr.

Vi er ikkje gjort kjent med kva fordelingsnøklar som har vore nytta opp i mot ansvar 7010 og funksjon 130, slik at vi ikkje kan gjere ei vurdering i forhold til desse stipulerte kostnadane.

### 6.2.2.2 Utvikling indirekte kostnader Hareid kommune

Utvikling: Indirekte kostnader Hareid kommune						
	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vatn	209 514	541 350	685 454	607 154	703 759	763 480
Avløp	170 918	536 739	676 001	593 619	719 470	749 543
<b>SUM</b>	<b>380 432</b>	<b>1 078 089</b>	<b>1 361 455</b>	<b>1 200 773</b>	<b>1 423 229</b>	<b>1 513 023</b>

I høve utvikling av indirekte kostnader såg ein ei markant auke frå 2012 (380 432 kr) til 2014 (1 361 455kr). Deretter er liten reduksjon i kostnadane i 2015 ( 1 200 773 kr). I 2016 og 2017 auka kostnadane igjen og i 2017 var dei totale indirekte kostnadane på 1 513 023 kr.

Ei forklaring på markant endring i indirekte kostnader kan vere at kommunen har endra prinsipp der ein vel å føre lønskostnader indirekte framfor direkte. Ved å føre lønskostnader indirekte vil ein då sjå tilsvarande endring i direkteførte lønskostnader. Utvikling av lønskostnader går fram i siste tabellen under kapittel 6.1.2. Ut i frå oversikta ser ein at det ikkje har vore noko markant reduksjon i direkteførte lønskostnader noko som tydar på at den markante auken i indirekte kostnader i 2013 og 2016/2017 ikkje har nokon samanheng med dette.

### 6.2.2.3 Indirekte kostnader samanlikna med Volda, Ulstein og Ørsta

Hareid kommune har ført alle lønskostnader direkte. Dette har også Ørsta og Volda kommune gjort. Ulstein kommune registrerte og administrasjonskostnader som indirekte kostnader, og dei inneheld bl.a. fordelt løn til kommunalsjef teknisk (funksjon 120). I Hareid og Volda har ikkje fordelt ut kommunalsjef, men Ørsta fordelt den som direkte. Kommunane har derfor forskjellig praksis for fordeling av administrative stillingar, noko som ein må vere obs på når ein samanliknar kommunane.

I tabellen nedanfor har ein lagt inn dei indirekte kostnadane for Hareid, Volda, Ulstein og Ørsta, då liknande forvaltningsprosjekt har vore gjennomført i 2015-2016. Tala som er lagt inn i tabellen for Ulstein og Ørsta er derfor frå 2015

### Tabell: Indirekte kostnader samanlikning mellom Hareid, Volda, Ulstein og Ørsta

Hareid 2017	Fordelt vatn	Fordelt avløp	Totalt fordelt VA	Volda 2017	Totalt fordelt VA	Ulstein 2015	Totalt fordelt VA	Ørsta 2015	Totalt fordelt VA
Revisjon	5323	3599	8 922	Revisjon	48 362	Kommunestyre og fo	67 158		
	10871	5938	16 809	Samordnings- og utviklings	16 809	Revisjonen	9 592		
						Kontollutvalg	6 198		
						Bedriftshelsetenes	5 407		
						Kompetanseutviklin	518		
						Felles kontigentar	10 865		
						Felleskostnader	2 306	Fellesutgifter	64 863
Fellesutgifter	52142	58660	110 802			Felleskostnader	72 911	Eigdomsforv.	33 449
<b>SUM Felles</b>	<b>57465</b>	<b>62259</b>	<b>119724</b>	<b>SUM Felles</b>	<b>65171</b>	<b>SUM Felles</b>	<b>174 954</b>	<b>SUM Felles</b>	<b>98 312</b>
<b>Servicekontor</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>Servicekontor</b>	<b>93568</b>	<b>Servicetorget</b>	<b>37 520</b>	<b>Servicekontor</b>	<b>45 171</b>
Økonomi ink. Rekneskap	96283	96283	192 566	Økonomi ink. Rekneskap og	371 523	Økonomibistand.	141 350	Økonomistab	29 700
Fakturering og innfordring	168949	154624	323 573			Fakturering og innfordr	228 619	Kommunekassa	557 163
							0		
<b>SUM Øk/fak</b>	<b>265232</b>	<b>250907</b>	<b>516 139</b>	<b>SUM Øk/fak/personal</b>	<b>371 523</b>	<b>SUM Øk/fak/personal</b>	<b>369 969</b>	<b>SUM Øk/fakt/personal</b>	<b>586 863</b>
<b>Lønn og personaltjeneste</b>	<b>14 510</b>	<b>10104</b>	<b>24 614</b>	<b>Personaltjeneste</b>	<b>78488</b>	<b>Lønn og personal</b>	<b>100217</b>	<b>Lønn og personal</b>	<b>122514</b>
<b>IKT-tjeneste</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>IKT-tjeneste</b>	<b>80 844</b>	<b>EDB-avdeling</b>	<b>63 018</b>	<b>IKT-drift</b>	<b>76 500</b>
				Påslag kapitakostnader	34 480				
Vedlikehold bygg og lager	4874	4874	9 748						
Vedlikehold bygg og lager	-118	-118	-236						
Vedlikehold bygg og lager	421517	421517	843 034						
						Administrasjon tek	170 844		
						Oppmåling/reguleri	143 005		
						Brann og redning	210 345		
						Frikjøp HTV	15 715		
<b>SUM totalt</b>	<b>763 480</b>	<b>749 543</b>	<b>1 513 023</b>		<b>724 074</b>		<b>1 285 587</b>		<b>929 360</b>

I oversikta er det prøvt å plassere kostnadane etter «beste skjøn og evne». Det er viktig å presisere at ein har teke utgangspunkt i det som har vore fordelt mot funksjonane 340/345 og 350/353 som gjeld hhv. vatn og avløp.

Det går fram av tabellen at Hareid fordelte utgifter på totalt 1 513 023kr i 2017. Ulstein fordelte 1 285 587 kr( 2015) , Ørsta 929 360 kr( 2015) og Volda fordelte 724 074 kr i 2017

Hareid kommune har fordelt vesentleg meir indirekte utgifter enn nabokommunane, ca 300 000 kr meir enn Ulstein (som også har fordelt lønskostnadar knytt til adm.tekn.++) og nesten 800 000 kr meir enn Volda.

Det er fordelte kostnadar knytt til vedlikehald som gjer det største utslaget for Hareid. Når det gjeld «fellesutgifter» er Hareid på nivå med Ørsta kommune og ein del lågare enn Ulstein. I høve «økonomi og fakturering» har kommunen 516 139 kr, dette er lågare enn Ørsta, men vesentleg høgare enn Volda og Ulstein. I høve løn og personale hadde Hareid dei lågaste utgiftene av kommunane, noko som kanskje er naturleg utifrå kommunen (VA) sin storleik.

### 6.2.3 Vurdering

Det er vurdert kommunen sine interne kostnadsfordelingar. Kommunen har gjort ei vurdering i høve tilleggs- og støttefunksjonar, og utarbeida fordelingsnøklar for aktuelle tilleggs- og støttefunksjonar. Disse var i stor grad basert på fordelingsnøklar som rettleiaren gir rom for å nytte. Men det vart etterspurt dokumentasjon/vurdering som var grunnlaget for fordelingsnøkla knytt til vedlikehald (ansvar 7010 og funksjon 130 ), då dette utgjorde over halvparten av dei fordelte utgiftene. Dette har ikkje blitt lagt fram og derfor ikkje muleg å vurdere om kostnadane er reelle og kan knytast opp i mot vatn og avløp. Kommunen må derfor utarbeide skriftleg vurdering av fordelingsnøkla knytt til vedlikehald. Ein gjennomgang av dei totale utgiftene knytt til ansvaret (3 392 455 kr) og kostnadane som har vore belasta vatn og avløp (852 546 kr) viser at ca 25% av dei totale vedlikehaldskostnadane, hovudsakleg knytt til rådhuset, var belasta sjølvkostområda.

I høve rettleiaren bør kommunen fordele ut eventuelle kostnadar knytt til IKT. Ein kan ikkje så at kostnadane knytt til tenesta inngår i dei fordelte kostnadane. Det er heller ikkje belasta fordelte kostander i høve servicetorget.

I høve samanlikning mellom kommunane er det vanskeleg å kunne vurdere kostnadane opp mot kvarandre på ein god måte, då kommunane har ulik organisering av interntenestene og ulike fordelingsnøklar. Samanliknar ein fordelte kostnadane hadde Hareid fordelt ut mest, og mesteparten av dette skuldast kostnadane knytt til vedlikehald.

## 6.3 Kapitalkostnadar

### 6.3.1 Revisjonskriterium

Kapitalkostnadar er ein kostnad som vert berekna som følgje av at det enkelte årsrekneskap ikkje gir eit korrekt bilde av inntening og kostnad for betalingstenesta ved ein del større investeringar. Kapitalkostnadane kan delast inn i to element:

- Avskrivingskostnadar – forringelse av verdien til eit driftsmiddel grunna slitasje og alder.
- Alternativkostnader (kalkulatorisk rentekostnad) – den avkastninga kommunen alternativt kunne oppnå ved å plassere pengar tilsvarande investeringsbeløpet i marknaden.

#### Driftsmiddel

Varige driftsmiddel har som regel ein bruksverdi eit begrensa antal år. Skal bruken av ressursar framstillast økonomisk, må den økonomiske verdien av ressursen som gradvis vert brukt, bereknast/vurderast. Den økonomiske verdien kan være gitt ved kva driftsmiddelet opphavleg kosta kommunen, eller kva tilsvarande driftsmiddel ville kosta kommunen i dag.

#### Berekningsgrunnlag for kapitalkostnadar

Utgangspunktet for berekning av kapitalkostnadane er at netto anskaffelseskost ved ei investering vert fordelt over den perioden eigedelen er i bruk. På denne måten vert

brukarbetalingane knytt direkte opp mot bruken av eidedelen. I forbindelse med nye retningslinjer for berekning av sjølvkost blei det innført eit nytt prinsipp for berekning av kapitalkostnader. Tidlegare blei det nytta eit annuitetsprinsipp ved berekning, men frå 2003 gjekk ein over til lineære avskrivningar. Ei lineær avskrivning gir samla sett best kostnadsbilde (samsvar mellom opphavleg utlegg og summen av avskrivningar gjennom perioden), rett tidsaspekt (gir et rimelig bilde av kapitalslitet/verditapet i året) og anvendbarheit (enkel å praktisere) ved berekning av avskrivningar.

Historisk anskaffelseskost skal nyttast ved fastsetting av avskrivingsgrunnlaget i sjølvkostkalkyla. Investeringsstilskot/anleggsbidrag skal trekkjast frå anskaffelseskostnaden ved fastsetting av avskrivingsgrunnlaget i sjølvkostkalkyla.

### **Avskrivningstid**

Det går fram av forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner) ei oversikt over kva avskrivningsperioder som skal leggest til grunn:

- 5 år: EDB-utstyr, kontormaskiner og lignende.
- 10 år: Anleggsmaskiner, maskiner, inventar og utstyr, verktøy og transportmidler og lignende.
- 20 år: Brannbiler, parkeringsplasser, trafikklys, tekniske anlegg (VAR), renseanlegg, pumpestasjoner, forbrenningsanlegg og lignende.
- 40 år: Boliger, skoler, barnehager, idrettshaller, veier og ledningsnett og lignende.
- 50 år: Forretningsbygg, lagerbygg, administrasjonsbygg, sykeheim og andre institusjoner, kulturbygg, brannstasjoner og lignende.

Anleggsmidler skal vurderes til anskaffelseskost. Anleggsmidler som har begrenset økonomisk levetid, skal avskrives med like store årlige beløp over levetiden til anleggsmiddelet

### **Alternativkostnad (kalkulatorisk rente)**

Alternativkostnaden (kalkulatorisk rente) skal reflektere kommunens rentekostnad på lånefinansierte anleggsmidler, bortfall av renteinntekt på eigenkapitalfinansierte anleggsmiddel over tid. For kapitalintensive betalingstenester vil val av kalkulatorisk rente ha vesentlig betydning i sjølvkostkalkyla. Fram til 2014 blei kalkylerenta utrekna etter nivået på 3-årig statsobligasjonsrente pluss eit tillegg på 1 prosentpoeng. Etter ny rettleiar skal kalkylerenta settast til nivået på 5-årig swaprente pluss eit tillegg på ½ prosentpoeng. Det skal nyttast gjennomsnittlig nivå for kalkyleåret i etterkalkylen.

Norges bank viser følgjande rentesats for 5årig SWAP + ½% (2014 -2017) og 3 årig statsobligasjonsrente + 1% (2009-2013)

År	Rentesats frå Norges bank	
2017	1,98%	(5 årig SWAP +0,5%)
2016	1,68%	(5 årig SWAP +0,5%)
2015	1,94%	(5 årig SWAP +0,5%)
2014	2,68 %	(5 årig SWAP +0,5%)
2013	2,63 %	(3 årig Statsobligasjonsrente +1%)
2012	2,44 %	(3 årig Statsobligasjonsrente +1%)
2011	3,24 %	(3 årig Statsobligasjonsrente +1%)
2010	3,46 %	(3 årig Statsobligasjonsrente +1%)
2009	3,71 %	(3 årig Statsobligasjonsrente +1%)

Alternativkostnaden skal bereknast for alle anskaffingar av varige driftsmiddel. Berekningsgrunnlaget er årets gjennomsnittleg verdi av netto anskaffelseskost. Alternativkostnaden er lik årets berekningsgrunnlag multiplisert med årets kalkylerente.

### 6.3.2 Fakta – Kapitalkostnader

#### Avskrivingskostnad og kalkulatorisk rente

Når kommunen skal berekne avskrivingskostnader skal historisk anskaffelseskostnad nyttast som avskrivingsgrunnlag. Nyinvesteringar skal takast med i avskrivingsgrunnlaget frå og med året etter at bygget/anlegget er teke i bruk og investeringstilskot/anleggsbidrag kjem til frådrag i avskrivingsgrunnlaget.

Kommunen bereknar avskrivningar manuelt på egne rekneark. Kommunen nyttar i tillegg Momentum sjølvkost der kapitalkostnadane vert berekna. Kapitalkostnadane består av avskrivningar og kalk.renteutgifter.

Kommunen nyttar etterkalkyle utarbeidd av Momentum som grunnlag for rekneskapsføring på sjølvkostområda. Kontroll av kommunen sitt anleggsregisteret mot anleggsregisteret i Momentum står derfor sentralt, då dette som gir grunnlaget for avskrivningar og kalk. renter. Ein registrerte avvik mellom anleggsregisteret i Momentum og kommunen sitt anleggsregister, noko som førte til avvik i avskrivningar og kalk. renter. Differansane går fram i tabellen nedanfor.

		Rekneskap/kommunen sitt anleggsregister	Anleggsregister Momentum	Differanse
Vatn	Avskrivingskostnad	1 790 559	1 783 666	6 893
Vatn	Kalkulatorisk rente	855 403	853 073	2 330
	<b>Sum Differanse</b>			<b>9 223</b>
Avlaup	Avskrivingskostnad	1 065 483	1 060 790	4 693
Avlaup	Kalkulatorisk rente	697 868	696 100	1 768
	<b>Sum Differanse</b>			<b>6 461</b>

Differansen mellom dei to anleggsregistra, som førte til ovanfor nemnde avvik kom derimot ikkje til uttrykk i etterkalkyla til Momentum. Etterkalkyla viste avskrivningar og kalk. rente i samsvar med kommunen sitt anleggsregister og avskrivingskjema.

Kommunen har i 2017 nytta 5årig SWAP-rente + eit påslag på 0,5% slik den nye rettleiaren anbefaler.

### 6.3.3 Vurdering – kapitalkostnader

Kommunen har berekna avskrivning og kalkulatorisk rente på anlegg/driftsmiddel tilknytt vatn og avløp med rett berekningsgrunnlag og kalkylerente i 2017. Det var ein differanse mellom kommunen sitt anleggsregister og anleggsregisteret i Momentum som førte til ein differanse i avskrivingskostnad og kalk.rente, men det som er registret i kommunerekneskapen på sjølvkostområda bygg på kommunen sine berekningar. Dette kan tyde på at Momentum ikkje har nytta eigne utrekningar frå eige anleggsregister, men lagt inn tal direkte frå kommunen sitt rekneskap (sjå vedlegg 1).

Kommunen bør derfor før sluttposteringar av etterkalkyle vert gjennomført gå gjennom anleggsregisteret i Momentum og avstemme dette mot kommunerekneskapen slik at avskrivingskostnaden og kalk.renter som Momentum bereknar vert i samsvar med kommunerekneskapen.

## 6.4 Avskrivningstid

### 6.4.1 Fakta –avskrivningstid

Hareid kommune registrerer bygningar til historisk kostnad, og investeringstilskot /anleggsbidrag var trekt frå/halde utanfor avskrivingsgrunnlaget. Kommunen nyttar lineære avskrivningar. Gjennomgangen av anleggsoversikta og avskrivningstida viste at kommunen på dei fleste anlegga har nytta 40 års avskrivningstid. Dette gjaldt alle leidningsnett (både vatn og avløp), reduksjonsventilar, pumpestasjonar og reinseanlegg. Det vart teke opp med kommunen om grunngevinga for 40- års avskrivningstid på pumpestasjonar og reinseanlegg då dei etter rettleiaren har forventa levetid på 20 år. Ein fekk tilbakemelding om at dei eksisterande pumpestasjonane var ført med 40 år, men at dette vil verte endra frå 2018. Økonomiavdelinga har laga eit system som skal fange opp dette i framtida.

### 6.4.2 Vurdering- avskrivningstid

Rettleiar anbefaler ei avskrivningstid for tekniske anlegg (VAR), reinseanlegg, pumpestasjonar på 20 år. Kommunen har vurdert denne type anlegg til 40 år, utan at det ligg føre noko grunngeving for valet. Dette kan kommunen gjere då rettleiaren ikkje er bestemmende, men retningsgivande. Kommunen har derimot gitt tilbakemelding om at ein for 2018 vil vurdere denne type nye anlegg til å ha ei levetid på 20 år.

For leidningsnett hadde kommunen vurdert desse til 40 år. Dette er i samsvar med rettleiar.



## 6.5 Sjølvkostfond

### 6.5.1 Revisjonskriterium

#### Renteinntekt/rentekostnad på sjølvkostfond

Denne renta skal reflektere alternativkostnaden brukarane går glipp av. I ny rettleiar som kom i 2014 går det fram at det skal nyttast 5-årig SWAP-rente med et tillegg på ½ prosentpoeng.

I retningslinjene går det fram at inntektene over ei 3-5 års periode ikkje skal overstige kostnadene for tilsvarende år. Det vil derfor kunne oppstå overskot eller underskot kvart enkelt år. Overskot skal avsettast til fond og inntektsførast seinare år.

Eit overskot inneberer at brukarane av den enkelte teneste har innbetalt meir enn det tenesta kosta. Dersom brukarane hadde plassert pengane i bank i staden for å innbetale overskotet, ville dei ha fått ei renteavkastning. Retningslinjene seier at kommunen bør kompensere brukarane for det rentetapet dei vert påført ved å binde kapital i kommunen.

Underskot skal dekkast inn over kommunen sitt rekneskap det året det påløper, men skal likevel finansierast gjennom auka gebyrinntekter påfølgjande år. Renter på framført og akkumulert over- eller underskot skal bereknast etter tilsvarende sats som kalkylerente på investert kapital i anleggsmidlar.

For å ivareta generasjonsprinsippet må eit positivt sjølvkostresultat (overskot) være tilbakeført til brukarane av sjølvkosttenesta innan fem år. Kommunen skal ikkje sette av midlar til et sjølvkostfond same år som dei bruker av eit sjølvkostfond.

Retningslinjene opnar for at kommunen kan ha eit lengre tidsperspektiv enn fem år. Kommunen må vurdere ut frå lokale forhold om det er faglig grunnlag for å strekke perioden for tilbakeføring av overskot ut over fem år. Kommunen må i slike tilfelle grunngi og dokumentere sitt val.

### 6.5.2 Fakta: Fond tilhøyrande VA-området

Kommunen sitt rekneskap viser at det er oppretta eigne fond innanfor VA-tenestene (konto 25199630 «Fond kloakkavsetn.» og 25199620 «Fond vassverk» . Nedanfor går det fram ei oversikt over fonda sine bevegelser i perioden 2009- 2017.

#### Vatn:

Rekneskap / Balanse	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Sjølvkostfond Vatn									
Sjølvkostfond 01.01	0	1 167 598	3 062 035	4 687 776	7 311 363	8 212 498	4 952 310	4 024 757	2 896 107
-/+ Bruk av avsetning til sjølvkostfond	1 167 598	1 894 437	1 625 740	2 832 290	901 135	-3 260 188	-927 553	-1 128 650	-395 038
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad sjølvkostfond				0					
Sjølvkostfond 31.12	1 167 598	3 062 035	4 687 776	7 520 066	8 212 498	4 952 310	4 024 757	2 896 107	2 501 069
Noteopplysningar i rekneskap mht. saldo vassfond 31.12*	1 167 598	3 062 035	4 687 775	7 311 363	8 212 498	4 952 310	4 024 758	2 896 107	2 501 070
* Avvik mellom rekneskap og note i høve saldo sjølvkostfond i 2012.									

Som det går fram av oversikta og kommunerekneskapen gjekk sjølvkostfondet i balanse i 2009 og ein såg avsetning på fondet i perioden 2009-2013. Ved inngangen til 2014 var fondet på ca 8,2 mill kr. Kommunen brukte av fondet i perioden 2014-2017 og pr 31.12.17 var fondet på 2,5 mill kr. Det var avvik mellom noteopplysning og rekneskapen i 2012. I noten gjekk det fram at saldo på fondet var 7 311 363 kr pr 31.12, medan rekneskapen viste 7 520 066kr. Utover dette var det samsvar mellom notar og rekneskap dei andre åra.

### Avløp:

Rekneskap /Balanse	Sjølvcostfond Avløp									
	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	
Sjølvcostfond 01.01	1 704 374	1 601 390	1 605 897	1 627 574	1 495 705	414 929	0	80 153	0	
-/+ Bruk av/avsetning til selvcostfond	-102 983	4 507	270 135	-131 869	-1 080 776	-663 386	80 153	-80 153	0	
Lånt til slamfond i 2011 og tilbakebetalt 2014*			-248 458			248 458				
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad selvcostfond										
Sjølvcostfond 31.12	1 601 390	1 605 897	1 627 574	1 495 705	414 929	0	80 153	0	0	
Noteopplysningar i rekneskap mht. saldo avløpsfond 31.12	1 601 390	1 605 897	1 627 574	1 495 704	414 928	0	80 153	-396 036	-142 572	
* Det blei lånt av avløpsfondet i 2011 248 458 kr dette blei tilbakebetalt på avløpsfondet i 2014.										

Kommunen hadde eit sjølvcostfond på ca 1,7 mill kr ved inngangen til 2009. I 2011 var det ei avsetning på 270 135 kr, men 248 458 kr blei «lånt» til slamfondet. Dette blei betalt tilbake i 2014. Fondet var ved inngangen til 2013 ca 1,5 mill kr og blei redusert i 2013 og 2014, og var oppbrukt ved inngangen til 2015. I 2015 blei det satt av 80 153 kr. Desse blei oppbrukt i 2016 og førte til framførbart underskot. Dette såg ein også i 2017. I høve noteopplysningane til rekneskapen var det framførbart underskotet på hhv. 2396 036kr i 2016 og 142 572 kr i 2017. Framførbart underskot skal ikkje gå fram av sjølvcostfond, men skal opplyst om i note.

### Renteberekning sjølvcostfond:

Sjølvcostfondet kloakk hadde ikkje vore tillagt kalkulatorisk rente, men det er registrert hhv. 8 807 kr i 2016 og 6 815 kr i 2017, synleggjort med både ei debet og kredit føring på funksjon kloakk, utan å påverke sjølvcostfondet. For dei tidlegare åra kunne ein heller ikkje sjå at kommunen hadde renteberekna sjølvcostfondet.

Sjølvcostfondet vatn hadde heller ikkje vore renteberekna i perioden 2009-2017.

Administrasjonen har gitt tilbakemelding om at dei har berekna kalkulatorisk rente på sjølvcostfonda sine, men ut i frå rekneskapstal og bevegelse på sjølvcostfonda kan ein ikkje sjå at fonda har vore tillagt rente.

### Overskot eller underskot på funksjonane for vatn og avløp:

Når alle kostnader og inntekter er belasta og eventuelle avsetningar eller bruk av fond er registrert skal både funksjonane vatn og avløp gå i balanse kvart år (sjølvcost), forutsett at kalk. renter og korrigerede avskrivningar pga. investeringstilskot er registrerte eller teke omsyn til. I hht. Kostraveileder skal avskrivningar registrerast på funksjonane, og kalk.renter kan

førast på funksjonane, men må tilbakeførast på rett angitt funksjon for rett Kostra-rapportering.

Oversiktene nedanfor viser dei totale utgifter og inntekter i perioden 2009-2017 på funksjonen 340-345 (vatn) og 350-353 (avløp). Oversikta inneheld alle utgifter og inntekter i tillegg til eventuelle avsetningar på fond eller bruk av fond.

### Vatn 2009- 2017:

Vatn	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
<i>Tal henta frå kommunerekneskapen (agresso)</i>									
Utgifter direkte	-2 717 882	-3 334 434	-3 308 633	-2 965 118	-4 088 919	-6 006 797	-4 730 154	-4 938 429	-5 042 318
Utgifter indirekte	-237 605	-505 000	-350 000	-209 514	-541 350	-685 454	-607 154	-703 759	-763 480
Avsetning til fond	-1 167 598	-1 894 437	-1 625 740	-2 623 588	-901 135	0	0	0	0
Avskrivningar	-1 025 696	-1 068 153	-1 639 553	-1 484 901	-1 526 355	-1 630 893	-1 572 184	-1 819 694	-1 790 560
Rekneskapsført kalkulatorisk renter*	-1 457 846	-1 323 865	-1 185 536	-887 075	-983 724	-1 000 887	-776 388	-	-
<b>Totale utgifter</b>	<b>-6 606 627</b>	<b>-8 125 889</b>	<b>-8 109 462</b>	<b>-8 170 195</b>	<b>-8 041 483</b>	<b>-9 324 031</b>	<b>-7 685 880</b>	<b>-7 461 882</b>	<b>-7 596 358</b>
Inntekter	7 550 788	8 113 233	8 109 462	8 170 195	8 031 728	6 588 215	6 758 328	6 932 832	7 953 860
Bruk av fond	0	0	0	0	0	3 260 188	927 552	1 128 650	395 037
<b>Totale inntekter</b>	<b>7 550 788</b>	<b>8 113 233</b>	<b>8 109 462</b>	<b>8 170 195</b>	<b>8 031 728</b>	<b>9 848 403</b>	<b>7 685 880</b>	<b>8 061 482</b>	<b>8 348 898</b>
<b>Totale inntekter - Totale utgifter</b>	<b>944 161</b>	<b>-12 656</b>	<b>-0</b>	<b>0</b>	<b>-9 755</b>	<b>524 372</b>	<b>0</b>	<b>599 600</b>	<b>752 540</b>
Kalkulatoriske renter som skal dekkast inn av overskot (2016-2017) jfr. estimert i rekneskapen.*	Postert i rekneskapen	Postert i rekneskapen	Postert i rekneskapen	Postert i rekneskapen	Postert i rekneskapen	Postert i rekneskapen	Postert i rekneskapen	-734 500	-855 403
<b>Over/Underskot som ikkje er balansert mot sjølvkostfond.</b>	<b>944 161</b>	<b>-12 656</b>	<b>-0</b>	<b>0</b>	<b>-9 755</b>	<b>524 372</b>	<b>0</b>	<b>-134 900</b>	<b>-102 863</b>

Rekneskapen for 2009 viste differansen mellom inntekter og utgifter var på 944 161 kr, og antek at dette har si årsak i for lite avsett til sjølvkostfondet. I perioden 2010-2013 gjekk funksjonen tilnærma i balanse (ubetydelig diff. i 2010 og 2011). Kommunen har nytta prinsippet med å føre kalk.renter direkte på funksjon vatn, noko som er tillate i hht Kostraveileder, og funksjonen kan då rekneskapsmessig balanserast ut ved bruk/avsetn til sjølvkostfond, forutsett at investeringstilskot vert teke omsyn til. I 2014 hadde kommunen differanse på 524 372 kr (overskot på sjølvkost), men vart ikkje sett av til sjølvkostfond då det ved årsavslutning i 2014 vart konkludert med for lite belasta indirekte kostnader i perioden 2010-2012, og derfor kompensert ved tillat overskot dette året (523 700 kr). I 2015 gjekk funksjonen i 0 slik som er hensikta. I perioden 2009-2015 rekneskapsførte kommunen dei kalkulatoriske rentene direkte mot funksjonen.

I perioden 2016 og 2017 har kommunen valt og ikkje belaste dei kalkulatoriske rentene på funksjonen (ført +- på konto 15901) dette kan også gjerast i hht. til KOSTRA- veileder. Denne metoden der kalk.renter ikkje vert belasta funksjonen, vert differansen eller saldo på funksjonen tilsvarande kalk. renter. Rekneskapen viser ein differanse i 2016 på -134 900 kr (599 600kr - 734 500kr), og kommunen skulle i dette tilfellet brukt 134 900 kr meir av fondet for at funksjonen skulle gått i «balanse» dette året. Tilsvarande

problemstilling i 2017 med ein differanse på -102 868 kr (752 540 kr -855 408 kr) dvs brukt meir av sjølvkostfond for å «balansere». Kommunen har halde utanfor anlegg som ikkje er finansiert av kommunen

### Avløp 2009-2017:

Avløp	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
<i>Tal henta frå kommunerekneskapen (agresso)</i>									
Utgifterdirekte	-2 030 108	-2 203 184	-2 229 891	-3 147 161	-4 168 350	-3 606 234	-3 061 223	-3 516 113	-3 249 583
Utgifter indirekte	-229 395	-165 000	-165 000	-170 918	-536 739	-676 001	-593 619	-719 470	-749 543
Avsetning til fond	0	-4 507	-270 135	0	0	0	-80 153	0	0
Avskrivningar	-905 846	-970 417	-466 563	-590 507	-651 742	-691 983	-803 059	-964 001	-1 065 483
Rekneskapsført kalkulatorisk renter	-522 894	-523 712	-805 082	-493 816	-593 942	-692 583	-569 952	-	-
<b>Totale utgifter</b>	<b>-3 688 244</b>	<b>-3 866 819</b>	<b>-3 936 671</b>	<b>-4 402 402</b>	<b>-5 950 773</b>	<b>-5 666 801</b>	<b>-5 108 006</b>	<b>-5 199 584</b>	<b>-5 064 610</b>
Inntekter	3 678 910	3 848 075	3 936 671	4 269 205	4 887 628	4 923 977	5 186 776	5 249 451	5 997 269
Bruk av fond	102 983	0	0	133 290	1 080 776	663 386	0	80 153	0
<b>Totale inntekter</b>	<b>3 781 893</b>	<b>3 848 075</b>	<b>3 936 671</b>	<b>4 402 495</b>	<b>5 968 404</b>	<b>5 587 362</b>	<b>5 186 776</b>	<b>5 329 604</b>	<b>5 997 269</b>
<b>Totale inntekter - Totale utgifter</b>	<b>93 650</b>	<b>-18 744</b>	<b>0</b>	<b>93</b>	<b>17 631</b>	<b>-79 439</b>	<b>78 770</b>	<b>130 020</b>	<b>932 659</b>
Kalkulatoriske renter som skal dekkast inn av overskot (2016-2017) jfr. estimert i rekneskapen.*	Postert i rekneskapen	Postert i rekneskapen	Postert i rekneskapen	Postert i rekneskapen	Postert i rekneskapen	Postert i rekneskapen	Postert i rekneskapen	-560 794	-704 683
Over/Underskot som ikkje er balansert mot sjølvkostfond.	93 650	-18 744	0	93	17 631	-79 439	78 770	-430 774	227 976

Rekneskaptala for 2009 viste ein differansen mellom inntekter og utgifter var på 93 650 kr i overskot. Dette er pengar som skulle vore satt av på sjølvkostfond slik at funksjonen balanserte, då kalk.renter er registert. I perioden 2010-2014 såg ein mindre differansar dei forskjellige åra med både overskot og underskot som i hovudsak samla sett balanserte.

I 2016 og 2017 hadde kommunen også for avløpsfunksjonen ikkje belasta dei kalkulatoriske rentene direkte på funksjonen. Differanselinja (saldo på funksjonen) skal derfor for dei to åra tilsvare dei berekna kalkulatoriske renter og som går fram nest nedst i tabellen.

For 2016 hadde kommunen berekna 560 794 kr i kalkulatoriske renter, men det var berre 130 020kr til å dekke desse for at funksjonen skulle gått i balanse. Kommunen mangla derfor 430 774 kr (560 794kr-130 020kr) til å dekke kalkulatoriske renter, og skulle «brukt» av sjølvkostfond (negativt) og gitt opplysning i note.

For 2017 hadde kommunen berekna 704 683 kr i kalkulatoriske renter og det var satt av 932 659 kr for dekking av desse. Kommunen burde derfor satt av 227 976 kr (932 659 kr – 704 683) sjølvkostfondet for at funksjonen skulle gått i balanse.

### 6.5.3 Vurdering

#### **Sjølvkostfond:**

Sjølvkostfondet har som oppgåve å handtere svingingar i inntekter og kostnader slik at gebyra kan haldast meir stabile, f.eks. som følgje av investeringar som vil auke kapitalkostnadane. Det går fram av rettleiar at sjølvkostfondet skal gå i balanse i løpet av ei 3-5 års periode.

I perioden 2009-2013 hadde kommunen opparbeida seg eit stort vassfond (8,2 mill kr). I perioden 2014-2017 brukte kommunen av fondet og pr 31.12.2017 var fondet på 2,5 mill kr. Kommunen har derfor dei siste åra redusert fondet i vesentleg grad og kommune har derfor følgd prinsippet om at sjølvkostfondet skal balansere over tid.

For avløpsfondet såg ein bruk og avsetning på fondet gjennom heile perioden (2009-2017 ) og fondet gjekk i balanse i løpet av ei 3-års periode. Kommunen ser derfor ut til å ha tilpassa seg prinsippet om at sjølvkostfondet skal balansere over tid.

#### **Handtering av over- og underskot:**

Når alle kostnader og inntekter er belasta og eventuelle avsetningar eller bruk av fond er registrert skal funksjonane vatn og avløp gå i balanse kvart år (sjølvkost), forutsett at kalk. renter og eventuelle investeringstilskot teke omsyn til. Gjennomgangen viste at kommunen for fleire år ikkje gjekk i «balanse». I desse tilfella skulle kommunen brukt eller sett av meir av sjølvkostfond for å «balansere» funksjonane.

#### **Rentebereking av sjølvkostfond:**

Rekneskapen på dei ulike funksjonane viser at kommunen ikkje har renteberekna VA-fonda i kontrollperioden 2009 til 2017. Kommunen hadde berekna kalk.rente på avløpsfondet i 2016 og 2017, men ein kan ikkje sjå at dette har hatt rekneskapsmessig påverknad på fonda. Renta skal vere lik den alternativavkastninga innbyggjarane går glipp av ved at midlane er bunde i sjølvkostfondet (rentetabell side 23).

#### **Korrigert sjølvkostfond:**

Ein har lagt ved to vedlegg (2 og 3) der ein har teke utgangspunkt i registreringar i kommunerekneskapen frå 2009 og fram til 2017 på funksjonane vatn og avløp. Desse tala har vore nytta i samband med utarbeidinga av tabellar i kapittel 6.5. Vidare har ein balansert funksjonane kvart år og tillagt fonda renter. Vår korrigerede bereking viser eit lite avvik på avløpsfondet, samt eit større avvik på fondet for vatn. Det er i berekinga nytta rekneskapstal, gitt at dei indirekte kostnadane er korrekte

Kommunen bør ta ein gjennomgang av sjølvkostfonda og sørgje for at funksjonane går i «balanse» og at fonda vert renteberekna i samsvar med rettleiar.

## 7 **Anbefalinger:**

- Kommunen bør dokumentere vurderingane som ligg til grunn for fordelingsnøkklane til tilsette med fordelt løn mot sjølvkostområda.
- Kommunen bør gå gjennom anleggsregisteret i Momentum slik at dette samsvarar med kommunen sin rekneskap og anleggsregister.
- Kommunen bør synleggjere/utarbeide fordelingsnøkkel til alle indirekte kostnadane og spesielt knytt til vedlikehald som blir belasta sjølvkost.
- Kommunen bør vurdere om alle kostnader som kan definerast som indirekte kostnader er belasta sjølvkostområda.
- Kommunen bør renteberekne sjølvkostfonda i samsvar med rettleiar.

## 8 Rådmannen sin kommentar:



Her kjem våre kommentarar til revisjonen.

Eg vil innledningsvis understreke at eg synes at det å få ein gjennomgang av sjølvkostområdet er veldig positivt. Då får vi ein sjanse til å bli enda betre, noko som vil komme innbyggjarane til gode.

Direkte kostnader:

Kva gjeld fordelte lønnskostnader så skal vi ta ein gjennomgang av dette. Vi skal lage stillingsskildringar til kvar enkelt av dei tilsatte og tilpasse fordelingsnøkane etter stillingsskildringane. På den måten vil fordelinga kunne dokumenterast. Dette skal vi avstemme med Momentum slik at ein sikrar at dei indirekte kostnadane vert riktige.

Indirekte kostnader:

Her har vi undersøkt litt nærare og det kan sjå ut som om at det vert fordelt ut mykje pengar samanlikna med våre nabokommunar. Vi har hatt ein gjennomgang med økonomi på dette og det er avtalt at Momentum kjem tilbake 24. september og hjelper oss å gå gjennom alle fordelte kostnader slik at ein får ei meir korrekt fordeling. Det kan sjå ut som om at det er for mykje som er fordelt på 7010 – 130 administrasjonslokale, og ingenting fordelt til SSIKT og servicekontor. Her må skje ei omfordeling, samt at ein må sjå på andelen som VA betalar av kostnadane knytt til rådhuset.

Avskrivningstid:

Her skal ein endre avskrivningstida for pumpestasjonar frå 40 år til 20 år.

Sjølvkostfond:

Rente: Økonomi melder at I det reviderte rekneskapet note 13, viser renteberekening av både negative og positive sjølvkostfond. Dei same tala finn ein rekneskapet elles. Sjå vedlegg.

Med vennleg helsing

**Christina Steffensen** | Einingsleiar  
Kommunalteknikk og VAR

## Vedlegg 1: Etterkalkyle Momentum

Vatn, Avløp, Slamtømming, Feiing

Hjem Grunnlagsdata Rapporter Utskrift Kopi Forrige Neste

2017	Vatn	Avløp	Slamtømming	Feiing	Totalt
<b>Etterkalkyle selvkost</b>					
Gebyrinntekter	7 947 677	5 994 423	119 173	606 229	14 667 502
Øvrige driftsinntekter	7 183	3 844	0	0	11 027
<b>Driftsinntekter</b>	<b>7 954 860</b>	<b>5 998 267</b>	<b>119 173</b>	<b>606 229</b>	<b>14 678 529</b>
Direkte driftsutgifter	5 003 023	5 361 678	9 130	751 334	9 145 365
Avskrivningskostnad	1 790 559	1 065 483	0	0	2 856 043
Kalkulatorisk rente (1,98 %)	855 403	697 686	0	0	1 553 089
Indirekte netto driftsutgifter	763 480	749 543	10	178 335	1 691 367
<b>Driftskostnader</b>	<b>8 412 464</b>	<b>5 894 590</b>	<b>9 140</b>	<b>929 669</b>	<b>15 245 863</b>
+/- Korrigering av tidligere års feil i kalkyle	0	0	-86	0	-86
<b>Resultat</b>	<b>-457 604</b>	<b>103 677</b>	<b>109 946</b>	<b>-323 440</b>	<b>-567 421</b>
Kostnadsdekning i %	94,6 %	101,8 %	1303,8 %	65,2 %	96,3 %

## Anleggsregister - Avløp

Hjem Grunnlagsdata Rapporter Utskrift Kopi Forrige Neste Sielt alt

Avløp ← Velg gebyr: Avskrivninger 2017: 1 060 790 Kalk. rente 2017: 696 100 38 164 603

Gebyrområde	Prosjekt	Beskrivelse	Investert (årstall)	Tatt i bruk (årstall)	Solgt/ nedskrevet (årstall)	Levetid (år)	Eventuell fordelingsnøkkel	Bruttokostnad (ekskl. mva.) (kr)	Tilskudd (kr)
Avløp	22899042	Kloakkrameplan	2014	2014		2		62 948	
Avløp	22799049	Kloakk Bigset - Nesset	2014	2014		2		5 977	
Avløp	22799049	Kloakk Hareid sentrum	2014	2014		9		223 097	
Avløp	22799049	Kloakk i Brandal	2014	2014		20		90 938	
Avløp	22799049	Kloakkar	2014	2014		20		135 054	
Avløp	22799049	Kloakkar	2014	2014		21		256 884	
Avløp	22799049	Kloakk Hareid Sentrum	2014	2014		21		22 022	

## Anleggsregister - Vatn

Anleggsregister

Hjem Grunnlagsdata Rapporter Utskrift Kopi Forrige Neste Sielt alt

Vatn ← Velg gebyr: Avskrivninger 2017: 1 783 666 Kalk. rente 2017: 853 073 48 401 893 712 05

Gebyrområde	Prosjekt	Beskrivelse	Investert (årstall)	Tatt i bruk (årstall)	Solgt/ nedskrevet (årstall)	Levetid (år)	Eventuell fordelingsnøkkel	Bruttokostnad (ekskl. mva.) (kr)	Tilskudd o.l. (kr)
Vatn	22499007	Digitalisering kart GIS	2014	2014		1		55 983	
Vatn	22799043	Ledningsnett	2014	2014		15		2 027 063	
Vatn	22799042	Renseanl. Fase 1.	2014	2014		15		488 386	
Vatn	22799044	Renseanlegg hovedpl.Vass	2014	2014		15		6 247 575	
Vatn	22799044	Renseanlegg m.m	2014	2014		20		344 929	
Vatn	22799043	Ledningsnett	2014	2014		20		1 861 797	



Vedlegg 2:

Rekneskap		2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
<b>Vatn</b>										
<i>Tal henta frå kommunerekneskapen (agresso)</i>										
Utgifter direkte		-2 717 882	-3 334 434	-3 308 633	-2 965 118	-4 088 919	-6 006 797	-4 730 154	-4 938 429	-5 042 318
Utgifter indirekte		-237 605	-505 000	-350 000	-209 514	-541 350	-685 454	-607 154	-703 759	-763 480
Avsetning til fond		-1 167 598	-1 894 437	-1 625 740	-2 623 588	-901 135	0	0	0	0
Avskrivningar		-1 025 696	-1 068 153	-1 639 553	-1 484 901	-1 526 355	-1 630 893	-1 572 184	-1 819 694	-1 790 560
Rekneskapsført kalkulatorisk renter*		-1 457 846	-1 323 865	-1 185 536	-887 075	-983 724	-1 000 887	-776 388	-	-
<b>Totale utgifter</b>		<b>-6 606 627</b>	<b>-8 125 889</b>	<b>-8 109 462</b>	<b>-8 170 195</b>	<b>-8 041 483</b>	<b>-9 324 031</b>	<b>-7 685 880</b>	<b>-7 461 882</b>	<b>-7 596 358</b>
Inntekter		7 550 788	8 113 233	8 109 462	8 170 195	8 031 728	6 588 215	6 758 328	6 932 832	7 953 860
Bruk av fond		0	0	0	0	0	3 260 188	927 552	1 128 650	395 037
<b>Totale inntekter</b>		<b>7 550 788</b>	<b>8 113 233</b>	<b>8 109 462</b>	<b>8 170 195</b>	<b>8 031 728</b>	<b>9 848 403</b>	<b>7 685 880</b>	<b>8 061 482</b>	<b>8 348 898</b>
<b>Totalt inntekter - Totale utgifter</b>		<b>944 161</b>	<b>-12 656</b>	<b>-0</b>	<b>0</b>	<b>-9 755</b>	<b>524 372</b>	<b>0</b>	<b>599 600</b>	<b>752 540</b>
Kalkulatoriske renter som skal dekkast inn av overskot (2016-2017) jfr. estimert i rekneskapen.*	Posterti rekneskapen								<b>-734 500</b>	<b>-855 403</b>
Over/Underskot som ikkje er balansert mot sjølvkostfond.		944 161	-12 656	-0	0	-9 755	524 372	0	-134 900	-102 863
<b>Rekneskap /Balanse</b>										
<b>Sjølvkostfond Vatn</b>										
Sjølvkostfond 01.01		0	1 167 598	3 062 035	4 687 776	7 311 363	8 212 498	4 952 310	4 024 757	2 896 107
-/+ Bruk av/avsetning til selvkostfond		1 167 598	1 894 437	1 625 740	2 832 290	901 135	-3 260 188	-927 553	-1 128 650	-395 038
+/- Kalkulert renteinnett/rentekostnad selvkostfond					0					
<b>Sjølvkostfond 31.12</b>		<b>1 167 598</b>	<b>3 062 035</b>	<b>4 687 776</b>	<b>7 520 066</b>	<b>8 212 498</b>	<b>4 952 310</b>	<b>4 024 757</b>	<b>2 896 107</b>	<b>2 501 069</b>
<b>Sjølvkostfond Vatn</b>										
Sjølvkostfond 01.01		0	2 150 932	4 102 480	5 821 017	8 758 878	9 777 159	7 135 697	6 268 363	5 046 854
-/+ Bruk av/avsetning til selvkostfond i følgje reknesk		1 167 598	1 894 437	1 625 740	2 832 290	901 135	-3 260 188	-927 553	-1 128 650	-395 038
Over/Underskot som ikkje er balansert mot sjølvkost		944 161	-12 656	-0	0	-9 755	524 372	0	-134 900	-102 863
<b>Bruk/avsetning der overskov/underskot er teke h</b>		<b>2 111 759</b>	<b>1 881 781</b>	<b>1 625 740</b>	<b>2 832 290</b>	<b>891 380</b>	<b>-2 735 816</b>	<b>-927 553</b>	<b>-1 263 550</b>	<b>-497 901</b>
Kalkulatorisk rentesats		3,71	3,46	3,24	2,44	2,63	2,68	1,94	1,68	1,98
+/- Kalkulert renteinnett/rentekostnad selvkostfond		39 173	69 766	92 797	105 570	126 901	94 354	60 219	42 040	45 035
<b>Sjølvkostfond 31.12</b>		<b>2 150 932</b>	<b>4 102 480</b>	<b>5 821 017</b>	<b>8 758 878</b>	<b>9 777 159</b>	<b>7 135 697</b>	<b>6 268 363</b>	<b>5 046 854</b>	<b>4 593 987</b>
<b>Korrigert sjølvkostfond gitt korrekte indr.kostnader</b>										

## Vedlegg 3:

Rekneskap		2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
<i>Tal henta frå kommunerekneskapen (agresso)</i>										
Utgifter direkte		-2 030 108	-2 203 184	-2 229 891	-3 147 161	-4 168 350	-3 606 234	-3 061 223	-3 516 113	-3 249 583
Utgifter indirekte		-229 395	-165 000	-165 000	-170 918	-536 739	-676 001	-593 619	-719 470	-749 543
Avsetning til fond		0	-4 507	-270 135	0	0	0	-80 153	0	0
Avskrivningar		-905 846	-970 417	-466 563	-590 507	-651 742	-691 983	-803 059	-964 001	-1 065 483
Rekneskapsført kalkulatorisk renter		-522 894	-523 712	-805 082	-493 816	-593 942	-692 583	-569 952	-	-
<b>Totale utgifter</b>		<b>-3 688 244</b>	<b>-3 866 819</b>	<b>-3 936 671</b>	<b>-4 402 402</b>	<b>-5 950 773</b>	<b>-5 666 801</b>	<b>-5 108 006</b>	<b>-5 199 584</b>	<b>-5 064 610</b>
Inntekter		3 678 910	3 848 075	3 936 671	4 269 205	4 887 628	4 923 977	5 186 776	5 249 451	5 997 269
Bruk av fond		102 983	0	0	133 290	1 080 776	663 386	0	80 153	0
<b>Totale inntekter</b>		<b>3 781 893</b>	<b>3 848 075</b>	<b>3 936 671</b>	<b>4 402 495</b>	<b>5 968 404</b>	<b>5 587 362</b>	<b>5 186 776</b>	<b>5 329 604</b>	<b>5 997 269</b>
<b>Totale inntekter - Totale utgifter</b>		<b>93 650</b>	<b>-18 744</b>	<b>0</b>	<b>93</b>	<b>17 631</b>	<b>-79 439</b>	<b>78 770</b>	<b>130 020</b>	<b>932 659</b>
Kalkulatoriske renter som skal dekkast inn av overskot (2016-2017) jfr. estimert i rekneskapen.*	Postert i rekneskapen								<b>-560 794</b>	<b>-704 683</b>
Over/Underskot som ikkje er balansert mot sjølvkostfond.		93 650	-18 744	0	93	17 631	-79 439	78 770	-430 774	227 976
<b>Rekneskap /Balanse</b>										
<b>Sjølvkostfond Avløp</b>										
Sjølvkostfond 01.01		1 704 374	1 601 390	1 605 897	1 627 574	1 495 705	414 929	0	80 153	0
-/+ Bruk av/avsetning til selvkostfond		-102 983	4 507	270 135	-131 869	-1 080 776	-663 386	80 153	-80 153	0
Lånt til slutfond i 2011 og tilbakebetalt 2014*				-248 458			248 458			
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad selvkostfond										
<b>Sjølvkostfond 31.12</b>		<b>1 601 390</b>	<b>1 605 897</b>	<b>1 627 574</b>	<b>1 495 705</b>	<b>414 929</b>	<b>0</b>	<b>80 153</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
* Det blei lånt av avløpsfondet i 2011, 248 458 kr dette blei tilbakebetalt på avløpsfondet i 2014.										
<b>Korrigert sjølvkostfond gitt korrekte indr.kostnader</b>										
<b>Sjølvkostfond avløp</b>										
Sjølvkostfond 01.01		1 704 374	1 726 483	1 741 867	1 792 114	1 680 594	625 569	132 961	294 715	-218 029
-/+ Bruk av/avsetning til selvkostfond i følge reknesk		-102 983	4 507	21 677	-131 869	-1 080 776	-414 928	80 153	-80 153	0
Over/Underskot som ikkje er balansert mot sjølvkost		93 650	-18 744	0	93	17 631	-79 439	78 770	-430 774	227 976
<b>Brukavsetning der overskot/underskot er teke h</b>		<b>-9 334</b>	<b>-14 238</b>	<b>21 677</b>	<b>-131 776</b>	<b>-1 063 145</b>	<b>-494 366</b>	<b>158 923</b>	<b>-510 927</b>	<b>227 976</b>
Kalkulatorisk rentesats		3,71	3,46	3,24	2,44	2,63	2,68	1,94	1,68	1,98
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad selvkostfond		31 443	29 622	28 569	20 266	8 119	1 758	2 831	-1 816	98
<b>Sjølvkostfond 31.12</b>		<b>1 726 483</b>	<b>1 741 867</b>	<b>1 792 114</b>	<b>1 680 594</b>	<b>625 569</b>	<b>132 961</b>	<b>294 715</b>	<b>-218 029</b>	<b>10 046</b>